

## Retningsliner for forvaltning av Frifond Organisasjon - FolkOrg

### 1. KVA ER FRIFOND?

Frifond Organisasjon er ei støtteordning oppretta av Stortinget for å betre dei økonomiske rammene for frivillige organisasjonar, og deira lokale og medlemsbaserte kulturelle aktivitet for born og unge under 26 år. FolkOrg søkjer kvart år Norsk Musikkråd (NMR) om midlar frå Frifond Organisasjon, som dei etter søknad frå lokallaga fordeler vidare til lokale aktivitetar.

### 2. KVEN KAN SØKJE?

- Lag som er medlem hos FolkOrg.
- Lag med drift eller prosjekt for born og unge under 26 år.
- Lag med minst 3 personar under 26 år.
- Lag som er demokratisk oppbygd.
- Lag som har eit allmennyttig siktemål.
- Lag som arbeider i lokalmiljø (områdelag kan ikkje søkje Frifond organisasjon, med unntak av områdelaget som fungerer som lokallag.)
- Lag som har folkemusikk/folkeedans som si hovudverksemd.

### 3. KVA KAN LAGA SØKJE STØTTE TIL?

#### 1) Driftstilskot til oppstart, drift og aktivitet.

Drift (f.eks. faste øvingskveldar og møteverksemd) kan søkjast på grunnlag av tal på medlemmar (som har betalt kontingent 31.12 året før utlysning) under 26 år.

#### 2) Tilskot til prosjekt eller bestemte aktivitetar.

Prosjekt og bestemte aktivitetar som kurs, reiser, samlingar, seminar osv. som rettar seg mot born og ungdom under 26 år, med målsetting om rekruttering.

### 4. KVEN KAN IKKJE SØKJE STØTTE?

- Områdelag (med unntak av områdelaget som fungerer som lokallag).
- Lag organisert av det offentlege.
- Lag som er fortenestebaserte.
- Lag som er basert på samverkeprinsippet. (Eit samverkeføretak er ein sjølvstendig samanslutning av minst to fysiske eller juridiske personar, som har til føremål å fremme dei økonomiske interessene til medlemmane gjennom deira deltaking i verksemda som brukarar, leverandørar eller på annan liknande måte.)
- Lag som er organisert og registrert som ei stifting.
- Lag som er knytt til Norges Idrettsforbund eller med sitt formål knytt til idrett.
- Lag som allereie mottar Frifond-tilskot gjennom ein annan organisasjon eller Frifondordning.

## 5. SØKNADSPROSSES

- Frifond organisasjon skal lysast ut før 15. juni og søknadsfrist er 1. september.
- Fordelinga av driftsmidlar føregår etter fordelingsnøkkel basert på summen av medlem i laget under 26 år.
- Fordelinga av prosjektmidlar føregår utan fordelingsnøkkel.
- Fordelingsbrev skal vere utsendt og støtta utbetalt før 1. oktober same år.
- FolkOrg kan benytte inntil 5 % av tilskotet til administrasjon.

### 1) KRAV TIL SØKNADEN

- Laga må søkje via utlagt søknadsskjema på FolkOrg si heimeside.
- Søknaden må innehalde:
  - Namn på laget
  - Kontaktperson og kontaktinformasjon
  - Kommune og fylke
  - Driftstilskot: Beskriving av drifta laget har av aktivitetar for medlem under 26 år.
  - Prosjekttilskot: Beskriving av prosjektet og aktivitetar.
  - Søknadssum
  - Søkar skal rapportere innan 31.01 påfølgande år, og årsrekneskap skal inn seinast 01.03

- *F.eks.: Har lokallaget fått tilskot på søknad sendt 1. september 2018, må laget levere rapport innan 31. januar 2020 og rekneskap innan 1. mars 2020. Rekneskapet må minimum vise utgifter på same storleik som tilskotet.*
- Lokallaget må ha brukt Frifondmidlane innan 31. desember
  - *F.eks.: Har lokallaget fått tilskot på søknad sendt 1. september 2018, må pengane vere brukt opp i perioden 1. januar 2019-31. desember 2019.*
- Ubrukte midlar skal rapporterast og tilbakebetalast til FolkOrg. FolkOrg skal rapportera om ubrukte midlar til Norsk musikkråd.
- Lokallaga må sende inn rapport og bekreftelse på at pengane er brukt opp lokalt før dei kan motta nye midlar.

## 2) KLAGE PÅ VEDTAK

- Laga kan klaga på saksbehandling, vedtak om avslag og vedteke fordeling.
- Skriftleg klage skal sendast FolkOrg innan tre veker etter at tildelingsbrev eller avslagsbrev er sendt. Klagen blir vurdert av sekretariatet og endeleg handsama av styret i FolkOrg.